

# Barne- og ungdomslitteratur utgitt i Norge 1998

**S**tatistikkene er utarbeidd av NBIs bibliotek. Han viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk, utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Han kan omfatte nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk inkluderer også utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandel, t.d. bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben), og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlernettet.\* Dermed skil NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivinga i Norge seg frå Den norske Forleggerforeningens *Bransjestatistikken*, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. *Norsk bokfortegnelse* grupperer barne- og ungdomsbøkene i skjønn- og faglitteratur. I oversikta over faglitteratur vil ein til dømes finne sjangrar som eventyr og songbøker. *Norsk bokfortegnelse* inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine.

Materialet for NBIs statistikk er i første rekke NBIs eiga boksamling, som er lagd inn i NBIs database, dernest utskrift frå *Nasjonalbibliografien*, og ymse forlagskatalogar for dei tilfella der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei innlemma i samlinga per 1.12.99.

\* Desse bokklubbane og enkelte av dei religiøse forlaga har ein stor del omsetjingar blant sine utgivingar. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, spesielt frå engelske språkområde, enn andre statistikkar for barnebokutgiving i Norge.


NBIs database inneholder om lag 35 000 postar. Basen er tilgjengeleg i eit internt nettverk. Søkbare kategoriar er: forfattar, redaktør, (omslags)illustratør, omsetjar, tittel, serietittel og ord i (serie)tittel; originalspråk, forlag og andre utgivarar, utgivingsår, hylleplassering og Dewey-nummer. Det kan også søkjast på kombinasjonar av kategoriane, t.d. forlag + år. NBIs database er førebels ikkje lagd ut på Internett, men derimot er basen tilgjengeleg gjennom Norsk samkatalog, Nasjonalbiblioteket i Oslo. Dette materialet kan også søkjast i på CD-ROM-versjonen av *Samkatalogen*.

## Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjanger 1990, 1996, 1997 og 1998

SJANGER/ÅR	1990	1996	1997	1998
Antologiar	6	13	10	11
Biletbøker	185	184	154	201
Dramatikk	1	3	2	3
Eventyr	11	19	9	17
Fagbøker	102	208	148	176
Lyrikk	3	9	6	9
Romanar	311	270	275	320
Songbøker	2	9	6	6
Sp. brukagrgr.*	3	0	0	0
Totalt	624	715	610	743

Samisk litteratur 6 11 11 2

\* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindskrift og teiknspråk



### Norsk og omsett litteratur 1997

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	8	2	10
Biletbøker	32	122	154
Dramatikk	2	0	2
Eventyr	3	6	9
Fagbøker	55	93	148
Lyrikk	2	4	6
Romanar	110	165	275
Songbøker	5	1	6
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	217	393	610

### Norsk og omsett litteratur 1998

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	7	4	11
Biletbøker	35	166	201
Dramatikk	3	0	3
Eventyr	7	10	17
Fagbøker	38	138	176
Lyrikk	7	2	9
Romanar	148	172	320
Songbøker	4	2	6
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	249	494	743

For statistikk 1990, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998

For statistikk 1996, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998 eller 1999

### Omsetjingar fordelt på originalspråk 1997

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Italiensk	Japansk	Kinesisk	Nederlandsk	Samisk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar												2
Biletbøker		92	1					1	1	22	5	
Dramatikk												
Eventyr	3	1										2
Fagbøker	3	78		1			2		9			
Lyrikk	2					1	1					
Romanar	6	114		2			2		23	18		
Songbøker		1										
Sp. brukargr.												
Totalt	14	286	1	2	1	1	1	5	1	54	23	4

### Omsetjingar fordelt på originalspråk 1998

	Dansk	Engelsk	Flamsk	Fransk	Italiensk	Nederlandsk	Russisk	Spansk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar		1						1			2
Biletbøker	1	139		1	1	5			19		
Dramatikk											
Eventyr	2							1	4	3	
Fagbøker	5	114		2			2	14			1
Lyrikk		1						1			
Romanar	7	115	2	3	1	1	27	16			
Songbøker		1									1
Sp. brukargr.											
Totalt	15	371	2	6	1	6	1	3	62	20	7

For statistikk 1990, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998

For statistikk 1996, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998 eller 1999

### Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	1996	1997	1998
<b>Generelle skrifter</b>	1	3	7	4
Filosofi	2	1	0	3
<b>Religion</b>	21	50	30	61
Samfunnsvitenskap, -orientering	7	15	5	5
<b>Språk</b>	1	6	0	8
Naturvitenskap, Økologi	33	31	31	23
<b>Praktisk vitenskap, Oppfinningar</b>	13	33	14	19
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	37	27	33
<b>Litteratur</b>	0	0	1	0
Geografi og historie	7	32	33	20
<b>Totalt</b>	102	208	148	176

Årbokas barnebokstatistikk dekkjer 1998. Ved redaksjonens avslutting var materialet for 1999 ikkje fullstendig nok til å utgjere grunnlag for ein årsstatistikk. Statistikken for 1990, 1996 og 1997 gir perspektiv til 1998-utgivinga.

Tala syner oppgang i totalutgivinga frå 1997 til 1998 på nær 22 %. Nedgangen i 1997 kan sjå ut til å vere forbigåande, for med dette er ein tilbake til ei totalutgiving på om lag same nivå som i 1996.

I 1998 er det særleg romanar og biletbøker som har auka, men òg fagbøker. Innan biletbok- og fagbokfeltet er det dei omsette titlane som har auka. Auken i norske romanar for barn og unge kan skuldast ein del nye utgåver av tidlegare publiserte titlar. Statistikken for omsette bøker syner særleg oppgang for omsetjingar frå engelsk; dette kan komme av ein viss utgivingsauke innan massemarknadslitteraturen.